



HAREID KOMMUNE

Foto: Erlend Friestad



SPESIALISTUTDANNING I ALLMENNMEDISIN

Utdanningsplan for Hareid kommune

INNHOLD

Innleiing	side 3
Organisering av legetenesta og spesialistutdanninga	side 4
<i>Utdanninga sin første del (LIS1)</i>	side 4
<i>Praktisk teneste</i>	side 4
<i>Rettleiing og supervisjon</i>	side 4
<i>Legevakt</i>	side 5
<i>Godkjenning av tenesta</i>	side 5
<i>Utdanning for LIS3</i>	side 5
 Læringsarenaar	 side 5
<i>Hareidlegesenter as - Fastlegekontor</i>	side 5
<i>Legevakt</i>	side 5
<i>Hareid sjukeheim</i>	side 5
<i>Hareid helsestasjon</i>	side 6
<i>Helse Møre og Romsdal</i>	side 6
 Rettleiing og supervisjon	 side 6
<i>Individuell rettleiing</i>	side 6
<i>Omfang</i>	side 6
<i>Rettleiarutvikling</i>	side 7
<i>Roller</i>	side 7
<i>Vilkår for rettleiing</i>	side 8
 Individuell utdanningsplan	 side 8
Digital løysing (kompetanseportal) for LIS i kommunen	side 8

Innleiing

Dei allmennmedisinske fagområda i primærhelsestenesta er heilt sentrale i norsk helsevesen og det er behov for kontinuerleg innsats for å sikre ei vel fungerande fastlege- og legevaktordning – både kvalitativt og kvantitativt. Det er stor bredde i pasientkategori og tilstandar som fastlegar må kunne ta hand om, utgreie og behandle. Kommunen er avhengig av høg kvalitet på tenesta for å sikre innbyggjarane eit kvalitativt godt tilbod.

Hareid har for tida seks fastlekestillingar, fire privat næringsdrivande, éin på kommunal fastløn og éin kommunal stilling er vakant. Alle har kontor samla i Hareid Legesenter AS i det nybygde (2021) Hareid helsehus. Dette er eit moderne helsecenter med helsestasjon, smittevern, barnevern, tannklinik og NAV. Av legane er 3 spesialistar i allmennmedisin, dei andre er under spesialisering i LIS 3 ordninga. I tillegg har Hareid frå 01.09.2021 fått tildelt LIS 1 lege. Det er oppretta heimel for kommuneoverlege i 50 prosent stilling. Ein eldre kommuneoverlege er engasjert i 20 prosent av denne stillinga.

I tillegg til fastlekestillinga har fastlegane mindre faste stillingar innanfor helsestasjon og sjukeheim, og ein av fastlegane er smittevernlege i deltidsstilling.

Forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for legar og tannlegar (spesialistforskriften) vart vedteken i 2016 og tredde i kraft 1. mars 2017 for utdanninga sin første del (LIS1) og 1.mars 2019 for utdanninga sin tredje del (LIS3). Utdanninga sin andre del (LIS2) gjeld berre for spesialisthelsestenesta. Ansvaret for ein viktig del av allmennlegeutdanninga er difor, som rimeleg

er, lagt over på kommunen. Dette gir kommunen moglegheit til å utdanne og behalde eigne legar.

I samband med forskrifta er det krav om at kommunen skal vere registrert som utdanningsinstitusjon hos Helsedirektoratet. I samband med dette skal utdanningsinstitusjonen si organisering av utdanninga i allmennmedisin vere omtalt. Som utdanningsinstitusjon skal kommunen leggje til rette for at spesialistutdanninga skjer innanfor fagleg forsvarlege rammer og på ein måte som sikrar tilstrekteleg kvalitet. Kommunen skal mellom anna:

- Leggje til rette for heilskapleg utdanningsløp
- Leggje til rette for læringsaktivitetar slik at legane i spesialisering kan oppnå læringsmåla
- Dokumentere korleis arbeidet med spesialistutdanninga er organisert og kvar vi plasserer ansvaret for dette i organisasjonen.
- Utarbeide ein plan for spesialistutdanninga. Planen skal mellom anna innehalde opplysnigar om
 - Kva for nokre læringsarenaer vi kan bruke for å oppnå dei ulike læringsmåla
 - Korleis rettleiinga og vurderinga blir organisert
 - Korleis leggje til rette for supervisjon

Hareid kommune har sjølv og i nært samarbeid med nabokommunane og Helse Møre og Romsdal, gode læringsarenaer i allmennmedisin og gode føresetnader for å kunne tilby heilskaplege utdanningsløp i allmennmedisin, både i kommunal regi og som næringsdrivande fastlege.



Organisering av lege-tenesta og spesialist-utdanninga

Hareid kommune har eit felles legesenter med seks fastlegestillingar. Av desse er tre legar no ferdige spesialistar i allmennmedisin. I tillegg vil det no vere ein LIS 1 der. Det betyr at det alltid er tilgang på legar som kan yte supervisjon og rettleie og vere til hjelp for LIS1 og LIS 3.

Hareid sjukeheim har til saman 50 prosent, fastlønna legestilling. Legen har ansvar for KAD-plassar og korttidsplassar. Eldre personar i omsorgsbustadar har fastlegane ansvar for.

Ved behov for helsehjelp utanom arbeidstid for Hareid Legesenter AS har vi interkommunal legevakt, som er organisert slik:

- Ulstein og Hareid interkommunale legevakt har ansvar for innbyggjarane i Ulstein og Hareid på ettermiddag/kveld/ helg fram til kl. 22. Utanom ein legevaktleiar i 10% stilling som administrerer denne, er det fastlegane som jobbar her i form av næringsdrift. Under koronaepidemien er legevakta fastlønna. Totalt om lag 14000 innbyggjarar.
- Det er interkommunal legevakt på natt frå kl 2200-0800 felles for seks kommunar på Søre Sunnmøre. Den held til i Hovdebygda, som ligg på kommunegrensa mellom Ørsta og Volda, med Volda kommune som vertskommune. Der er også legevaktcentralen (LV-sentral) for alle kommunane på Søre Sunnmøre. LV-sentral og legevakt har, forutan legeressurs (fastlegar og LIS-legar) frå kvar av dei deltagande kommunane, også ein fast stab av sjukepleiarar. Ambulansestasjon er lokalisert i nabokalala.

Ansvaret for spesialistutdanninga i allmennmedisin ligg i Hareid kommune til sektor velferd

Kommunalsjef velferd har hovudansvar for plan og organisering medan kommuneoverlegen er den som har medisinsk fagleg ansvar for kvaliteten i utdanninga og for det fagleg forsvarlege og det praktiske innhaldet undervegs. Kommuneoverlegen (KO) har såleis det heilskaplege ansvaret for spesialistutdanning med ansvar for utvikling av utdanningsplanen, organisering av rettleiing og supervisjon og oppfølging av både rettleiarar og utdanningskandidatar. Kommuneoverlegen er den leiar som også godkjenner til slutt alle læringsmåla i læringsportalen.

Utdanninga sin første del (LIS1)

LIS1 er kommunalt tilsett med tenestested på Hareid legesenter AS. Kommunen har avtale med legesenteret om kostnader og opplegg. Praktiske forhold knyta til stillinga som ferie, sjukefravær, permisjon og liknande, skal primært takast opp med leiar for Hareid legesenter AS eventuelt med KO

Rettleiar har ansvar for introduksjon ved legekontoret og plan for opplæring i praktiske rutinar. Rettleiar har også ansvar for å sjå til LIS-1 legen heile tida får nødvendig supervisjon av annan røynd lege og fastsette evalueringssamtalar undervegs i tenesta

Praktisk teneste

Hovudvekta av tenesta vil vere ordinær kurativt legearbeid knyta til legesenteret. Vanlegvis jobbar LIS 1 tre dagar per veke her. Vi prøver å få ei variert pasientgruppe til LIS 1.

LIS får opplæring i førebyggjande arbeid for gravis, barn og ungdom på helsestasjonen. Barnekontrollkonsultasjon saman med legen ved helsestasjonslegen. Innføring, ta del i undervisning i regi av helsestasjon inn mot skulehelsetenesta. BTS-modell (Betre Tverrfagleg Samhandling) vert no implementert.

LIS 1 får også innføring i arbeid på sjukeheim i ein annan bok med éin arbeidsdag per veke etter plan. LIS 1 får etter opplæringa arbeide sjølvstendig på sjukeheimen med rettleiar i bakhand. Vi har også KAD-plassar der.

Rettleiing og supervisjon

- Rettleiing er både organisert som grupprettleiing og individuell rettleiing. Ein av legane våre har hovudansvaret for rettleiinga av LIS1. Individuell rettleiing går før seg som strukturerete planlagde samtalar med fast oppsette tema. Læringsmål for tenesta er naturlig utgangspunkt for desse rettleiingstimane. Det er også naturlig for både utdanningskandidaten og rettleiaren å ta opp spørsmål som er relevante for den einskilde utdanningskandidaten.

Det skal skrivast rettleiaravtale mellom kommunen og rettleiar.

- Supervisjon og innføring innanfor konkrete tema, prosedyrar eller i spesielle situasjonar kan givast av andre røynde legar. Ansvarleg lege og rettleiaren skal sjå til at det er eit godt



klima for dette på legekontoret Det er viktig at rettleiar ser til at LIS 1 legen får dekka behovet for supervisjon og at det er eit system for tilbakemelding eventuelt signering at supervisjon er gitt mellom supervisor og rettleiar.

læringsmål 55 og 85. Sjå eigen avtale underteikna juli 2020.

Legevakt

Etter vanleg kommunal arbeidstid og inntil kl 22.00 er Ulstein vertskommune for legevaktsamarbeidet med Hareid kommune. LIS1 deltek i ordinær legevakt med same vaktbelastning som fastlegane elles. Legevakta har ansvar for introduksjon til tenesta. LIS 1 har opplæringsvakt i starten og seinare ei bakvakt som kan nåast på telefon. LIS 1 skal også jobbe på nattlegevakta med Volda som vertskommune. Her får vedkomande 1-3 opplæringsvakter og bakvakt etterpå. Denne vakta er om lag 25-30-delt.

Godkjenning av tenesta

Det er mange læringsmål som skal godkjennast i løpet av tenestetida. Godkjenning skjer i læringsportalen gjennom attestasjon frå rettleiar og endelig godkjenning av leiar/kommuneoverlegen. For at rettleiar og leiar skal ha føresetnad for å vurdere om tenesta er tilfredsstillende gjennomført er det derfor viktig at LIS1 lege alt ved oppstart planleggjar korleis læringsmåla skal nåast og er påpasseleg med fortløpende å sende inn attesterte læringsmål for godkjenning

Utdanning for LIS3

Fire av seks fastlegar i Hareid har avtale som næringsdrivande, é på communal fastløn. Nye leger startar anten opp i nyopprettet heimel eller dei overtek heimel etter fastlege som sluttar. Det blir då oppretta ein individuell avtale mellom den nye legen og Hareid kommune knytt til ei fastlegelist. Her blir det teke høgde for at fastlegen kan bli tilpliktad 20 prosent stilling i communal deltidsstilling. Alternativt er å søknad på fast communal stilling. Legen skal forplikte seg til å ta spesialistutdanning i allmennmedisin og kommunen skal forplikte seg til å leggje tilhøva til rette for spesialistutdanning etter retningslinjene.

Dersom det kjem inn vikarar for ei periode for ein fastlege i permisjon ønskjer Hareid kommune også å leggje til rette for rettleiing og spesialistutdanning for vikarar som jobbar i kommunen.

Det er gjort avtale mellom Hareid kommune og Helse Møre og Romsdal HF for å kunne oppnå

Læringsarenaar

Med læringsarena er det meint ein fysisk stad der LIS kan oppnå læringsmål. Dei fleste læringsmåla kan ein no i open kurativ praksis. Kommunen har også andre læringsarenaar godt tilrettelagt for å nå læringsmål i spesialistutdanninga

Hareid legesenter as - Fastlegekontor

Type læringsarena	Open kurativ praksis
Lokalisasjon	Hareid Helsehus, 6060 Hareid
Ny rettleiar under opphaldet ved denne arenaen?	Ja
Læringsmål som LIS kan oppnå	ALM: Alle, bortsett frå 055 og 085. Felles kompetansemodul (LM): LM-04, LM-13, LM-19-23, LM-32-34, LM-41-43, LM-46-47, LM-51, LM-55, LM-59-60, LM-70-74
Supervisjon går føre seg ved	Til stades

Legevakt

Type læringsarena	Akuttmedisin
Lokalisasjon	Ulstein legesenter, 6067 Ulsteinvik Nattlegevaka lokalisiert i Hovdebygda ved grensa mellom Volda og Ørsta kommunar
Ny rettleiar under opphaldet ved denne arenaen?	Nei
Læringsmål som LIS kan oppnå	ALM: 023, 025-027,029, 031, 035-036, 039-050, 052-053, 056-064, 066-070, 072-82, 084 Felles kompetansemodul (LM): LM-04, LM-19-23, LM-33-34, LM-46-47, LM-51, LM-59-60, LM-70-74
Supervisjon går føre seg ved	Til stades, telefon

Hareid sjukeheim

Type læringsarena	Sjukeheim
Lokalisasjon	Hareid sjukeheim, 6060 Hareid



Ny rettleiar under opphaldet ved denne arenaen?	nei
Læringsmål som LIS kan oppnå	ALM: 003-004, 009-011, 015, 023,025-029, 031, 034-036, 039-050, 052-054, 056-064, 071-078, 080-082, 084. Felles kompetansemodul (LM): LM-04, LM-19 til LM-23, LM-32-34, LM-42-43, LM-46-47, LM-51, LM-55, LM-59-60, LM-70-74
Supervisjon går føre seg ved	Til stades, telefon

Hareid helsestasjon

Type læringsarena	Førebyggande helsearbeid
Lokalisasjon	Hareid Helsehus, 6060 Hareid
6060 Hareid	
Ny rettleiar under opphaldet ved denne arenaen?	ja
Læringsmål som LIS kan nå	ALM:004, 009-011, 023, 025-27,029, 031, 034-036, 039-050, 052-064, 072- 076, 078-082, 084 Felles kompetansemodul (LM): LM-04, LM 13 , LM-19-23, LM-32-34, LM-41-43, LM-46-47, LM-51, LM-55, LM-59-60, LM-70-74
Supervisjon går føre seg ved	Til stades, telefon

Helse Møre og Romsdal

Type læringsarena	Institusjonsteneste ved godkjent utdanningsverksem
Lokalisasjon	Ålesund , Volda, Molde, Kristiansund sjukhus
Ny rettleiar under opphaldet ved denne arenaen?	Ja
Læringsmål som LIS kan nå	ALM: 055, 085
Supervisjon går føre seg ved	Til stades

Deler av læringsmåla er basert på fullførte og godkjente obligatoriske kurs og rettleiingsgruppe. Dette er ein del av læringsaktivitetane ved læringsarenaane og det er ei føresetnad at både praksis frå læringsarenaer og fullførte kurs er nødvendig for å få godkjent desse læringsmåla.

Rettleiing og supervisjon

Individuell rettleiing

Kva er individuell rettleiing

I individuell rettleiing inngår refleksjon, råd, oppfølging av fagleg progresjon under spesialiseringa og det bidreg inn i vurderinga av legar i spesialisering. Rettleiing inneber planlagde og regelmessige samtalar mellom lege i spesialisering og rettleiar

Kven kan vere rettleiar

Rettleiar for lege i utdanninga sin første del (LIS1) skal vere en lege med nødvendig erfaring.

Rettleiar for lege i utdanninga sin tredje del (LIS3) skal vere spesialist i faget

Omfang

Rettleiing i utdanninga sin første del (LIS1):

Det bør gjennomførast minimum seks individuelle rettleiingssamtalar i løpet av tenesta i kommunen. I tillegg bør det gjennomførast tre møte som følgjer:

- Oppstartsamtale: Ramme- og forventningsavklaring seinast 3 veker etter oppstart som LIS 1
- Midtvegssamtale: Summativ midtvegsvurdering på bakgrunn av innsamla dokumentasjon (Dossier, supervisors tilbakemeldingar, rettleiar si vurdering, etc.)
- Sluttsamtale: Avsluttande oppsummerande vurdering på bakgrunn av innsamla dokumentasjon (Dossier, supervisors tilbakemeldingar, rettleiar si vurdering, etc.)

Rettleiing i utdanninga sin tredje del (LIS3):

For å sikre eit minimumsomfang på rettleiinga for legar under spesialisering i allmennmedisin, skal rettleiinga i gjennomsnitt vere på minst tre timer per månad i 10,5 av årets månader. At dette er sett som eit gjennomsnittskrav, medfører at timetalet kan variere noko frå månad til månad ut i frå kva som er mest føremålstenleg til ei kvar tid. Samtidig må rettleiinga vere på til saman minst 31,5 timer i løpet av eit år, og vare ved så lenge utdanninga går føre seg. For samfunns- og arbeidsmedisin er det ikkje stilt anna krav i spesialistforskrifta enn at det skal giast nødvendig rettleiing. Helsedirektoratet anbefaler at LIS i desse faga får same omfang av rettleiing som i allmennmedisin.



Rettleiarutvikling

For at rettleiarar skal kunne utføre sine oppgåver i ny spesialistutdanning vil det vere viktig med god opplæring. Mange rettleiarar har god kompetanse, men det er kommunen si oppgåve å sørge for dette og sørge for god vidareutdanning. Det finst mange gode læringsarenaer her som fylkesmannens kurs, andre kurs et. Vi er heldig og har per no ein godt utdanna og motivert rettleiar. Det same gjeld supervisorane ved same senter.

Roller

Omtalen av funksjonane til rettleiar, supervisor og leiar er å forstå som rollefunksjonar og ikkje personar. Dette betyr at rollene i prinsippet kan utøvast av same person. For å sikre tilstrekkeleg nøytral vurdering av LIS er det likevel viktig og eit krav om at minst to personar er inne i vurderinga av oppnådde læringsmål.

Både rettleiing og supervisjon har som felles siktet mål å støtte opp under spesialistkandidatens læring. I spesialistutdanninga har rettleiar og supervisor også ei rolle i å vurdere kompetansen til LIS.

Rettleiar

I denne samanhengen blir omgrepene rettleiing brukt i tydninga regelmessige samtalar mellom spesialistkandidat og rettleiar der ein ønsker å kunne reflektere over praksis og kunne forklare grunnlaget for handlingar og val i jobben som lege. Rettleiinga har ein viktig funksjon som læringsarena der kandidaten kan reflektere over og drøfte spørsmål, erfaringar og eigen læring i ein kontekst som ikkje er prega av den kliniske kvar-dagspraksisen. Med det meiner vi at ein ikkje berre observerer og gir feedback i ein praktisk situasjon «bed-side», men også gir rom for refleksjon over handlinga og dei vala ein gjorde.

Supervisor

Supervisjon skal ein her forstå som å hjelpe og gi råd til legar i spesialisering i konkrete arbeidssituasjonar i det daglege arbeidet. Det er avgjerande for god spesialistutdanning at den einskilde lege i spesialisering har tilgang til supervisjon. Supervisjonen si form må være tilpassa læringsmål og læringsaktivitetar. For nokre læringsmål må den som gir supervisjon, vere til stades saman med legen som er i spesialisering. Dette gjeld for eksempel ved mange praktiske prosedyrar. For andre

læringsmål vil det vere tilstrekkeleg at den som gir supervisjon, er tilgjengeleg på telefon eller digitale medium. Supervisjonen må tilpassast behovet og situasjonen, for eksempel om det dreier seg om supervisjon på vakt eller planlagt supervisjon i samband med enkelte læringsmål. Ved vurdering av om læringsmål er oppnådd, skal det innhentast anbefalingar frå minst ein av dei som har delteke i supervisjonen.

Kommunal leiar

Leiar skal utpeike individuell rettleiar for LIS-legen og syte for at det blir gjennomført samtale ved start. Leiar skal også sørge for at det blir utarbeidd ein individuell utdanningsplan i samråd med legen og at planen blir revidert ved behov. Det er rimeleg at rettleiar står heilt sentralt i arbeidet med den individuelle utdanningsplanen. Kommunal leiar/KO skal bli halden orientert om utdanningsplanen og gjennomføringa av denne. Leiar skal følgje LIS progresjon og godkjenne læringsmål når det er klart. Leiar skal inviterer LIS-lege og rettleiar til evalueringsmøte med regelmessige mellomrom og sluttmøte to-tre veker før avslutta teneste. Leiar skriv stadfesting på gjennomført praktisk teneste.

Kommunen sitt ansvar

Overfor den einskilde lege i spesialisering skal utdanningsverksemda leggje til rette for at legen skal kunne oppnå læringsmåla og gjennomføre eit utdanningsløp for spesialitetten allmennmedisin. Organisasjonen skal blant anna:

- Sørge for at det blir utarbeidd ein individuell utdanningsplan med utdanningsløp i samråd med legen og at planane reviderast ved behov
- Leggje til rette for at utdanninga kan forgå etter den individuelle planen.
- Legge til rette for at legen får nødvendig rettleiing og supervisjon
- Oppnemnd ein individuell rettleiar

Utdanningsverksemda skal sørge for at legen heile tida får vurdering av om læringsmåla er oppnådd og at oppnådde læringsmål blir dokumenterte i læringsportalen så snart som mogleg. I vurderinga skal det innhentast anbefalingar frå rettleiarene og minst ein av dei som har delteke i supervisjonen.

Kommunen har ansvar for at det blir oppretta avtale om rettleiing mellom rettleiar, LIS og ansvarleg leiar i kommunen.



Vilkår for rettleiing

Rettleiar for LIS1 får lønn for 3 timer per veke etter honorarsats per no i følgje vilkår i SFS 2305

Rettleiar for LIS3 får lønn for 31,5 timer per år etter honorarsats per no i følgje vilkår i SFS 2305.

Tal timer og honorarsats skal regulerast i tråd med avtaleverket

lar

- Følgje med på og kommentere læringsmål og læringsaktivitetar
- Attestere læringsmål

■ Supervisorane sitt ansvar:

- Gi supervisjon og god fagleg opplæring. Kvalitetssikre, eventuelt i samsvar prosedyrar/sjekkliste, at supervisjon av godkjent læringsaktivitet er gjennomført ovanfor rettleiar
- Eventuelt kommentere læringsaktivitetar og kvaliteten på desse

Individuell utdanningsplan

Det skal utarbeidast individuell utdanningsplan for den einskilde lege som skal omfatta heile perioden og må omfatte når og på kva for ein arena dei einskilde læringsmåla kan gjennomførast. Helse-direktoratet sin mal for individuell utdanningsplan skal liggje til grunn,

Ansvarleg leiar i kommunen (KO) har ansvar for at det blir utarbeidd individuell utdanningsplan for LIS 3 leger . Dette skal gjerast i samråd med legen og det er naturlig at legen også involverer rettleiar i dette.

Det skal haldast årlege møte med KO (kommune-overlegen) , rettleiar og LIS med gjennomgang av individuell utdanningsplan og progresjon i utdanninga , vurdering og godkjenning av læringsmål.

Digital løysing (kompetanseportal) for LIS i kommunen

Det er utvikla ein digital kompetanseportal for registrering, attestering og godkjenning/signering av oppnådde læringsmål og -aktivitetar i spesialistutdanninga av leger. LIS har ansvar for å legge inn/registrere utførte læringsmål og å invitere inn leiar (KO) og rettleiar til attestasjon og signering

Dette skjer på ein standardisert måte via e-post frå lege i spesialisering (LIS).

■ Leiar sitt ansvar i portalen:


- Godkjenne/signere læringsmål
- Følgje opp LIS' progresjon og måloppnåing (har tilgang på rapporter)

■ Rettleiar sitt ansvar i portalen:

- Førebu rettleiingssamtalar
- Sørge for referat frå rettleiingssamta-







Utdanningsplan – spesialistutdanning almennmedisin